

Møtestad: Skei

Deltakarar: Hildegunn R. Gjelsvik, Knut P. Bøyum, Jorunn Sundal, Inge Masdal og Asbjørn Eikerol

Fråfall: Olaf Skjerdal

Styresaker:

1. Orienteringar v/Jorunn
 - a. Sal av julehefte
 - b. Ny avtale om rettigheter til Jul i Sunnfjord-namnet
2. Orientering ved Hildegunn
3. Bornesteme
 - a. Økonomi 2019 (orientering v/Knut)
 - b. Bornestemne 2020?
4. Orienteringar v/Christoffer
5. Diverse

Orienteringar

Jorunn:

- Jorunn informerte om sal av julehefte (Jol i Sogn, Jul i Sunnfjord. Alle tala er ikkje innkomne, men det ser positivt ut.
- Jorunn hadde òg snakka Klopstad om Jul i Sunnfjord. I etterkant har sogelaget hatt styremøte. Jorunn snakka med Bodil Myklebust etter møtet. Sogelaget er lunken å gi meir enn eit-årskontrakt. SOFUL vil ha fem år. Styret avtalte at Jorunn tek eit møte med Sogelaget, med målsetning om å få ny avtale utover eit-årskontrakt.
 - Alternativet er at SOFUL må sjå på ulike alternative namn til Jul i Sunnfjord

Hildegunn:

- Laget har mange kontoar. I fleire av desse står det små beløp eller dei er tomme. Styret har beslutta å avslutte desse, slik at det vert enklare å halde oversikt over kontoar og aktiva. Dette gjer det òg enklare for Laila som fører rekneskapen å halde oversikt
- Styret har beslutta å sette av 800 000,- på konto med fastrente. Restmidlar vil bli satt på driftskonto.

Knut:



Referat. Styremøte 4.2.2020

- Barnestemne i Fjærland 2019. Då campinga ikkje vart nytta vart det eit bra overskot. Styret i Fjærland UL har difor teke avgjerd om å dele ut deler av overskotet til lokale lag og organisasjonar i Fjærland som på ulike måtar medverka i barnestemnet. M.a. vil dei gje 10 000,- til etterutdanning (instruktør) til eit av lagsmedlemmane og 7 000,- som påskjønning til skulen.

Christoffer:

- Christoffer informerte om arbeidet sidan førre styremøte:
 - Er i dialog med fylkeskommunen om møte ang. HiB
 - HiB har fått 800 000,- i gåvetilskot frå Sparebankstiftinga Sogn og Fjordane. Sparebanken var svært nøgd med arbeidet, men vi er ikkje garantert midlar, må syne at HiB heile tiden gjer ein god jobb!
 - I samband med tildelinga er det utarbeide ny nettside
 - Vert arbeidd med pressemelding
 - Møte med Førde UL og Sparebankstiftinga
 - Inge informerte om at Førde UL i utgangspunktet er positiv, men det må avklarast ein del ting først
 - Skogly i Kaupanger, truleg nytt lokallag i Sogn og Fjordane
 - Kort orientering om at det er samtalar mellom NU og Frilynt om samanslåing. Saka kjem truleg opp på landsmøtet i slutten av april. Styret vil følgje opp dette når sakspapira er klare.
 - Christoffer er spurd om å delta i kontingentnemnda. Nemnda er oppnemnd av NU og skal sjå på korleis organisering og innkreving av kontingent. Styret var positiv til at Christoffer sit i nemnda. Viktig at nokon som har oversikt over lokallag og deira erfaring er medlem av nemnda. Christoffer vil gje melding til nemndleiar om at han stiller
 - Christoffer har sendt ut melding om at han gjerne deltar på årsmøte til lokallag. Førebels har Nausthalla og Dale UL tatt kontakt. Dato for desse årsmøta er 13.2 og 25.2.
 - Førdefestivalen, pågåande strategiarbeid. Styret har heildagsmøte 26.2
 - Christoffer har avtalt møte med Eikås UL 5.3. Tema er tilskotsmoglegheiter i NU-systemet. Møtet er open for alle interesserte. Vil bli sendt ut nyheitsbrev snart om dette.

Diverse:

- Dato for årsmøte i SOFUL. Christoffer vil spørje Dale UL (Trudvang) om 8. mars. Årsmøtestart vart bestemt til kl. 13.00
 - Innspel om at kanskje barnegruppa kan danse på årsmøtet.
- Dale har årsmøte 13. februar. Christoffer er i kontakt om å delta på vegne av SOFUL
- Fjærland har årsmøte 29. februar
- Guddal UL, kan de være aktuelt lokallag på nytt?
- Christoffer spør HU om barnestemne i Hordaland for 2020.
- Christoffer må snakke med Laila om nokre pengesummar (truleg frå sal av julehefte)



Referat. Styremøte 4.2.2020

Referent

4.2.2020

Christoffer Knagenhjelm

Rådgjevar for kulturbygg og ungdomslag i Sogn og Fjordane

